



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Høyringsuttale til konsesjonssøknad om bygging av Kvanndalselva kraftverk, Bjørnafjorden

Verdien av naturområda må vurderast nøye opp mot samfunnsverdien av utbygginga. Samla belastning i regionen bør tilleggjast meir vekt enn det som går fram av søknaden. NVE bør ettersørje alternative utbyggingsløyser og/eller fleire avbøtande tiltak.

Fylkesmannen viser til konsesjonssøknad om bygging av Kvanndalselva kraftverk.

Kvanndalselva går mellom Botnavatnet og Vengsvatnet. Nærare 70% av nedbørsfeltet vart på 80-talet overført Botnavatnet til produksjon i Eikelandsosen kraftverk. Botnavatnet er inntaksmagasin til dette kraftverket, som er regulert med 24 m. No ønskjer Sunnhordland kraftlag (SKL) å nytte restvassføringa i Kvanndalselva i eit småkraftverk med stasjon ved Vengsvatnet. Influensområdet aust for vassdraget er påverka av ein rekkje inngrep, som veg, sagbruk, steinbrot, P-plass og skianlegg med skytebane.

Konsesjonssøknaden omfattar eitt hovudalternativ, men i prosessen var to andre utbyggingsløyser også vurderte, alternativ 1 og 2. Begge har inntak i elva nedanfor Holdhustjørna og nedgrave røyrgate fram til kraftstasjonen. I alternativ 1 vil ein nytte Holdhustjernet som dempingsmagasin på same måte som i hovudalternativet. Tiltakshavar meiner hovudalternativet vil ha minst negative konsekvensar for biologisk mangfald, brukar- og samfunnsinteresser, og samstundes vere det mest lønsame.

Kort om utbyggingsplanane - hovudalternativ

Planlagt utbygging omfattar 2 m regulering i Holdhustjørna som inngår i Kvanndalsvassdraget. Tjørna har normal vasstand på 327,3 m. Det ligg ein liten betongterskel ved utløpet, etablert i samband med bygging av Eikelandsosen kraftverk. Her vil ein no etablere dam med høgde 2 m og lengde 35 m. Maksimalt neddemt areal kan etter det vi forstår bli opp i 30 daa. Drifts-vassvegen vert



på om lag 1450 m og vil gå frå inntak i søraustre enden av Holdhustjørna. Den skal gå i borehol 2/3 av vassvegen, deretter som nedgrave trykkørør fram til kraftstasjonen.

Det er planlagt to overføringar til Holdhustjørna frå nedbørsfeltet til Åreidselva:

- Inntak frå Åreidselva på kote 337 via nedgrave rør langs eksisterande skogsveg, i ei lengd på om lag 700 m. Sperredammen får høgde 1,3 m, lengde 7 m.
- Bekkeinntak frå bekk kote 334 via eit 150 m nedgrave rør. Sperredammen får høgde 2,5 m høg, lengde 12 m.

Kraftstasjonen ved Vengsvatnet er plassert om lag 300 m vest for utløpet til Kvanndalselva i Vengsvatnet. Tilkomst til kraftstasjonen vert via eksisterande skogveg frå Skjelbreid. Denne må oppgraderast om lag 1,5 km. Langs rørgata frå boreholet ned til kraftstasjonen vil ein etablere permanent landbruksveg klasse 8.

Det er planlagt minstevassføring heile året tilsvarande om lag 5-persentil pr år ved inntaka, dvs. 50 l/s i Holdhustjørna, 30 l/s i Åreidselva, og 10 l/s i bekkeinntaket.

Utbygginga vil ikkje krevje massetak eller deponi. Borekaks får tunellen er planlagt arrondert langs veg eller rørgate.

Planlagt kraftverk skal ha installert effekt på 5,1 MW og gi årleg middels produksjon på 16,8 GWh. Utbyggingspris er rekna til 4,52 kr/kWh (2019).

Verknader av planlagt utbygging

Grunnlaget for konfliktvurderingane knytt til naturmiljø framgår av fagrapportar om biologisk mangfald (revidert utgåve 2020) og om landskap og ulike brukarinteresser (2017).

Biologisk mangfald:

Inngrepa knytt til terrestriske verdiar er knytt til skogsnatur og myr. Det er ikkje påvist sjeldne artar eller naturtypar i utbyggingsområdet. Akvatisk miljø er påverka av tidlegare utbygging, inkludert Holdhustjernet som er omgitt av myrareal, med vegetasjon som truleg er tilpassa mindre gjennomstrøyming enn situasjonen var før bygging av Eikelandsosen kraftverk. For Åreidselva er verknadene ved nye utbyggingsplanar meir negative, då denne elva ikkje er regulert frå før.

Utbyggjar meiner at avbøtande tiltak med middel vassføring nær 5-percentilen både sommar og vinter, gjer at konsekvensar for biologisk mangfald er liten. Samla sett er konsekvensar for akvatisk naturmiljø sett til *middel/lite*, terrestrisk naturmiljø til *middels*.

Landskap og friluftsliv:

Vassdraget er lite synleg i eit storskala landskapsperspektiv. Men vandring langs elva gir gode opplevingskvalitetar i vassdraget, som har fleire mindre fossestryk og elvegjel. Dette gjeld særleg i periodar med mykje vatn. I periodar med lite vatn i elva er konsekvensane av tidlegare overføringar meir tydeleg for turgåarar.

I 2018 gjennomførte Fusa kommune kartlegging og verdsetting av friluftsområde, og kunnskapsgrunnlaget om regionale og lokale friluftsområde er betra noko etter at konsekvensutgreiinga om friluftsliv vart utarbeidd. Hovudtrekka er likevel dokumentert. Delområda med svært viktig regional verdi ligg aust for utbyggingsområdet, Engelifjellet/Øyrane og Otternosa,. Toppturar her gir utsikt mot deler av Kvanndalselva. Område kalla Kvanndalselva til Grytefossen er saman med Vengsvatnet og Øykjafjellet kategoriserte som lokalt viktige friluftsområde. Det går ei



bru over Kvanndalselva ovanfor Vengsvatnet. Vatna og skogsområda vert nytta av lokalbefolkninga og av leirskulen i Hålandsdalen.

Konsekvensar for landskap er sett til *middel/lite*. Konsekvensar for friluftsliv og ferdsel er sett til *middels*.

Samla belastning:

Utbyggjar meiner at tiltaket ikkje vil endre status for vassdraget Kvanndalselva, då vassdraget er regulert frå før. Samstundes viser dei til at planlagt utbygging vil gi ny tilstand med mindre vassføring og endra livsvilkår. Dei skriv følgjande:

«Det føreligg ikkje nokon samanliknande studie av brukarinteresser knytt til mindre vassdrag i denne regionen, så det er vanskeleg å konkludere med at andre vassdrag inneheld dei same ressursane og verdiane som dei knytt til Kvanndalselva. Sannsynlegvis førekjem liknande livsmiljø og landskap i fleire av dei mange småelvene som har avrenning til Eikelandsfjorden»

Utbyggjar viser til at nærområdet er sterkt påverka av tekniske inngrep og menneskelege aktivitetar. Regulering av Kvanndalselva vil etter deira oppfatning ikkje føra til nemnande auka samla belastning i det geografiske området som er vurdert.

Merknader frå Fylkesmannen

Utgreidde alternativ

Utbyggjar viser til at hovudalternativet er mindre konfliktfylt enn dei utgreidde alternativa 1 og 2. Fylkesmannen kan vere samd i dette, vurdert ut frå foreslått løysing for vassvegen. Men neddemning og regulering i Holdhustjørna vil og gi negative verknader, både på naturmangfald og landskap.

Vi etterlyser difor ei vurdering av eit alternativ med vassveg i tunnel og utan dempingsmagasin i Holdhustjørna.

Vassføring

Utbygginga er planlagt med ei minstevassføring for dei utbygde elvestrekningane som er på nivå med 5-persentilar for sommar og vinter. Desse sesongverdiane er nesten like, og litt høgare eller lik alminneleg lågvassføring. Minstevassføringa vil dermed gjenspegle eit vanleg lågvassnivå gjennom året, og vil til ein viss grad kunne avbøte skade på naturmiljø og landskap.

Friluftsliv, landskap og samla belastning

Fylkesmannen meiner ein bør vektleggje negative verknadene ved redusert opplevingsverdi og attverande urørt natur meir enn det som er gjort i søknaden.

Vi viser til at hovudalternativet vil krevje sprenging langs planlagt røyrgatetrase. Utbyggjar viser til at den lågaste delen av vassvegen er skjult av skog. Fylkesmannen meiner omsyn til landskap er viktig også her, og at ein bør vurdere alternativ der tunnelen er lagt nærare kraftstasjonen. Vidare er kraftstasjonen plassert slik at vatnet vert tilbakeført til Vengsvatnet frå eit punkt 300 m vest for det naturlege utløpet. Dette vil framstå som svært kunstig.

På grunn av tidlegare utbygging bør dei urørte områda som er att i området relativt sett få meir verdi. Fylkesmannen vil særleg peike på at naturlandskapet vest for Kvanndalselva i dag er lite påverka av tekniske inngrep. Ein bør og vektleggje verdien av nedbørsfeltet til Åreidselva, som i dag er urørt av overføringar.



Friluftsimteresser knytt til nær kontakt med vassdraget bør vektleggjast, og også samanhengen mellom vassdraget og nærliggjande skog- og fjellområde. Naturverdiane knytt til urørte vassdrag, skog, og myrområde må difor vurderast nøye opp mot samfunnsverdien av utbygginga. I dette inngår samla belastning ved ytterlegare utbygging.

I utbyggingsplanane vil vegen langs røyrgetraseen bli liggjande att som landbruksveg. Vegen har ingen funksjon for drift av kraftverket. Fylkesmannen vil minne om at eventuell etablering av landbruksvegar skal skje etter forskrift om landbruksvegar. Ved ein eventuell konsesjon må det setjast vilkår om at vegen skal fjernast etter utbygginga, slik at permanente inngrep i landskapet vert redusert mest mogleg.

Konklusjon

Vassdraget er påverka av tidlegare kraftutbygging, men samla belastning på attverande naturområde bør få meir vekt enn det som går fram av søknaden. Verdien av urørte vassdrag, skog, og myrområde for friluftsliv og opplevingsverdiar må vurderast nøye opp mot samfunnsverdien av utbygginga. NVE bør etterspørje alternative utbyggingsløyser og/eller fleire avbøtande tiltak.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Bjørnafjorden kommune

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/

Bergen Turlag

Miljødirektoratet

Vestland fylkeskommune

Postboks 24

Tverrgt. 4/6

Postboks 5672 Torgarden

Postboks 7900

5649

5017

7485

5020

EIKELANDSOSEN

BERGEN

TRONDHEIM

BERGEN